

Varm middag levert frå Dill, også i Uskedalen.

02.08.2020



Dill Catering startar utkøyring av varm middag i Uskedalen i haust.

**Dill Catering på Halsnøy tek til med levering av varm middag i område Uskedalen - Rosendal. Oppstart vert i haust med utkøyring to gonger i veka. Det er porsjonspaking for kjøleskåp dei andre dagane. Komlemiddagen er som vanleg på torsdagen, men det er meny tilpassa kunden sitt behov. Dagleg leiar, Siv Anita Brovold, fortel til Uskedalen.no at det no er ei kartlegging av interessa. Starten kan bli i september månad.**

Dill Catering er kjend for god mat med gode råvarer og god smak. Kvalitet og service er framifrå.

Dill på Halsnøytunet leverer også mat til alle typar selskap,- brudlaup, firmafestar, konfirmasjonar, fødselsdagar, dåp, gravferd og til blåturgrupper.

Dill skriv at middagsleveringa er eit tilbod til deg eller nokon av dine kjære som treng ekstra omsorg når det gjeld kosthald i kvardagen.

**Pris kr. 105,- pr porsjon. Då er suppe eller dessert medrekna i prisen.**

Meir informasjon på mobil 416 90 425 eller e-posten: [dill@knett.no](mailto:dill@knett.no)

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Dill AS



Kokkane på Dill. F.v: Lise Karlsen, Merete Berntsen og Rosalin Eide.